

Møtereferat FAU Stord ungdomsskule

Dato: 23. november 2022 (flytta frå planlagd 16.nov)

Til stades:

Rune Valvatne Ask, rektor
Krisine Haugland, 8a
Inger Marie Bjelland, 8b
Reidun Teistedal Dyrøy, 8c
Tor Inge Amdal, 8d
John Martin Mjånes, 9a
Odd Ingvar Ur, 9b
Allison Thormodsæter, 9c
Monica Lohela, 10a
Anlaug Rygg Svensen, 10b
Cecilie Berger, 10c
Vibecke Vågen, 10d

Saker:

1. Innkallingar til FAU

Leiar for FAU kallar inn. Messenger fungerer fint. Dersom representantar ikkje kan møta, kallar dei sjølv inn sin vara.

2. Gratisprinsippet

Drøfta om kantinedrifta er i tråd med gratisprinsippet. Eigeninnsatsen knytt til pizzabollene som har vore diskutert på Langeland opp mot gratisprinsippet: På SUS si kantine er det sal av varer som er kjøpt inn, det er ikkje knytta til eigeninnsats. Dermed vurderer me utfordringa med «frivillig tvang» om at alle må levera t.d. boller som ikkje aktuell. Kantinedrifta kan samanliknast med mjølkesal. FAU opplever ikkje at det er knytta kjøpepress til kantineutsalet.

FAU stiller seg positive til å ha eit tilbod om rimeleg og sunn mat til elevar. FAU er også positive til at skulen brukar eit eventuelt overskot frå kantinedrifta til felles elevaktivitet, som gjort tidelgare.

3. Skuleball

Elevrådet har veldig lyst å arrangera skuleball. Foreldra ønsker å stilla seg bak og vera med å arrangera eit ball for elevane på Stord ungdomsskule.

4. Budsjettet

Ingen store direkte konsekvensar for skulen i framlegg til budsjett. Elevane er mest opptekne av fritidsklubbane. Elevressursen blir ikkje prisjustert. I praksis

har ein dermed mindre å rutte med. FAU sender inn ein uttale der me peikar på at elevressursen bør prisjusterast.

5. Nasjonale prøvar og elevundersøking

Kjem tilbake til desse sakene på neste møte, då det ikkje er klart per no.

6. Skulerute

Høyringsfrist for neste års skulerute. Innspel: Det hadde kanskje vore gunstig å vurdere om vinterferien var ei eller to veker tidlegare, for å skape litt rom i perioden mellom vinterferie og påske. Samtidig viktig å ha vinterferie samtidig som vidaregåande skule. Evt. fått flytta planleggingsdag 18.mars for å få fulle veker i den korte perioden. FAU sender uttale.

7. Retningslinjer for permisjonssøknadar

Nye retningslinjer for permisjonssøknadar i kommunen ligg no ute på høyring. Positivt at barnet si stemmer er vektlagd. Presiserast for alle typar permisjonssøknadar at eleven sine føresette har ansvar for å halde seg fagleg oppdatert (ikkje berre for trussamfunn). La også merke til punkt 001, kan der vere ein feil? FAU sender inn kommentar.

8. Førebyggande tiltak i skulen

Har tre nye Mot-representantar blant tilsette. Unge MOTivatorar. Faste økter på alle trinn. Skulen som samfunnsbygger, ein del av MOT. Kropp og helse som tema er viktig, og noko som blir etterspurt frå FAU. Dette ligg i årsplan. Ung på Stord. Cool kids. Livsmeistring som tverrfagleg tema i alle fag.

9. Bruk av Visma

Det blir etterspurt meir informasjon frå skulen, til dømes vekeplanar. Rektor fortel om eit omfattande arbeid med implementering av Visma. Ber førebels foreldre etterspørre informasjon hos lærarane, i tillegg til at rektor minnar lærarane om å dele viktig informasjon på Visma.

Kan opplevast litt stressande med varsel kvar gong fråvær blir registrert, samstundes veldig positivt at det er lett å følgje med. Nokre fag aktive med undervegsvurderingar, andre ikkje kome så langt enno.

10. Ymse

Samtykkeskjema for julegudsteneste. Kva er tilbod til dei som deltar på alternativt livssynsnøytralt pedagogisk tilbod? Kan elevane samtykke sjølv når dei har fylt 15? Rektor sjekkar dette. Spørsmål om kvifor ein har skulegudsteneste. Er det del av det faglege i KRLE-faget å oppleve.

Møtereferat for FAU litt vanskeleg å finna på heimesida. Del lenka på messenger, kan delast vidare på Facebookgrupper.

Neste møte i FAU flyttast det til 31. januar klokka 19. Saker: :Elevundersøking og nasjonale prøvar. Skuleball. Leiar for FAU sender påminning/ innkalling på messenger. Innspel til evt nye saker kan også sendast inn frå alle på messenger.

Ref. Cecilie